

**Fra:** Hans Jørgen Andersen (andersen@hardangerfjord.com)  
**Sendt:** 10.11.2015 08:42:18  
**Til:** Fylkesordførar  
**Kopi:**

**Emne:** Om ferjesambandet i indre Hardanger

**Vedlegg:** image001.jpg;image002.jpg

Til fylkesordførar Anne Gine Hestetun

Om ferjesambandet i indre Hardanger.

Det er frå 1.oktober i år iverksett nye ruter i det tidlegare trekantsambandet Kinsarvik - Utne - Kvanndal. No er dette sambandet to uavhengige samband Kvanndal - Utne og Utne - Kinsarvik.

Sett frå turistane og turoperatørane si side er dette ei forverring av tilbodet. Dei siste somrane har fleire turoperatørar lagt inn ei fjordkryssing for bussane sine mellom Kinsarvik og Kvanndal som eit alternativ til å ta Hardangerbrua. Også for individuelt reisande var dette ein flott moglegheit til å komme seg ut på fjorden. Med dei nye rutene der ein må køyre i land på Utne og vente og reise vidare med ny ferje gjer at dette vert mykje vanskelegare no.

For reising mellom aust- og vestsida i Ullensvang herad er det og eit stort problem at rutetilbodet mellom Utne og Kinsarvik er vesentleg redusert. Dette set m.a. ein effektiv stoppar for reiser etter at arbeidstida er over i vekedagene (bortsett frå måndag og onsdag). Eit anna døme er at i helgene (20. august – 15. juni) er siste avgang frå Kinsarvik kl. 16.40 og frå Utne kl.17.15. Me meiner at denne reduksjonen i sambandet i betydeleg grad vil skape negative samfunnsøkonomiske verknader for lokalsamfunnet.

Me vonar Hordaland fylkeskommune vil gå tilbake eit trekantsamband, inkludert forbetra rutetider mellom Utne og Kinsarvik, då dette vil vere til stor fordel både for fastbuande og gjester til regionen.

Med vennleg helsing

**Hans Jørgen Andersen**

Reiselivsdirektør/manager

Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

T +47 5655 3870 M +47 411 611 87 [www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)



Follow [VisitHardangerfjord](#) on facebook

